

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE - 223	17/98

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
024/2017	Kommunestyret	PS	20.04.2017

## Sandindustriutstilling Modalen.

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver inntil kr. 50 000,- frå næringsfondet i arbeidet med å etablere ei permanent utstilling gjennom bilete og tekst i Bryggjeslottet som syner utviklinga i kommunen si sandindustrihistorie.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Sigrun Dale foreslo hausten 2016 for kulturkontoret å lage ei utstilling som kunne dokumentere sandindustrien si historie i Modalen. Næringsa har vore sentral for kommunen si utvikling sidan omlag 1890-åra. Forslaget vart tatt opp igjen i januar 2017 kor Sigrun og Ove Sæbø (kultur- og utviklingssjef) hadde eit møte. Det vart m.a. drøfta at viktige delar av informasjon/historiar er i ferd med å gå tapt då den generasjonen som har vore delaktig i industrien etter kvart ikkje lenger vil kunne overbringe dette.

Sigrun Dale samarbeider med Inga J. Nåmdal (biblioteksjef) om å etterlyse bilete og historiar. Det vart etterspurd bidrag gjennom kommunen si nettside, og saka vart omtala i lokalmedia. Bileta som vert samla inn vert handsama vidare og bearbeida for utstilling. Britt Farestveit står for design/bearbeiding av materiell og utstilling.

#### Vurdering

Modalen kommune er samd i at sandindustrihistoria er eigna tema for ei lokalutstilling. Industrien har forma samfunnet og mykje av identiteten til modølingane. Det vil vere eit viktig bidrag for noverande og kommande slekter å få denne innsikten presentert i utstillingsform, samstundes som om dette er noko kommunen kan by besøkande. Bryggjeslottet er valgt som utstillingsarena då mange vil kunne oppleve utstillinga både på planlagt vis, samt at ein meir tilfeldig kan oppdage ho som besøkande.

Vurderinga er at dette er i tråd med næringsfondet sine vedtekter når det gjeld kommunale fellestiltak – samle og styrke Modalen/Bryggjeslottet som formidlar av innbyggjarane si sentrale kulturhistorie. I tillegg er det eit bidrag knytt til å styrke kommunen som reisemål. I marknadssamanheng er det eit viktig bidrag å sikre at Modalen byr på fleire og ulike opplevingar som til saman vert eit attraktivt mangfold. Me skal m.a. nytte næringsfondet for å gjere Modalen sine tilbod kjende både for eigne innbyggjarar og folk utanfor kommunen.

Det er skrive ein del om sandindustrien i ulike bøker som dekkjer delar av historia. Denne utstillinga tek føre seg å dokumentere heilskapen.

### **Konklusjon**

Det er noko usikkert kva endeleg kostnad for tiltaket vert då ein p.d.d. ikkje har full oversikt over biletgrunnlaget. Handsaming av bilete fram til eigna utstillingsformat er eit usikkert punkt. I tillegg er det slik at det undervegs i arbeidet vil verte aktuelt å gjere lydopptak av historiar slik at desse kan takast i vare / lagrast i digitalt arkiv. Vegen vert litt til etter kvart som stega vert tekne.

Kostnadsramma er rekna til kr. 50 000,-. Foreløpig plan for ferdigstilling er modalsdagane 2017.

### **Kommunestyret - 024/2017**

#### **KS - behandling:**

Kultur og utviklingssjef Ove Sæbø orienterte om bakgrunn og planar.

Kommunestyret er positiv til at det i ein fase to vert føreteke intervju og seinare laga ei bok om temaet.

#### **KS - vedtak:**

Modalen kommune løyver inntil kr. 50 000,- frå næringsfondet i arbeidet med å etablere ei permanent utstilling gjennom bilete og tekst i Bryggjeslottet som syner utviklinga i kommunen si sandindustrihistorie.